



**DEN NORSKE KYRKJA**

Fedjekyrkja

## MØTEBOK

### FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Hans Erik Waage, Vivian Rognsvåg, Solunn Gullaksen, Terje Stormark og Rune Minde.

Ikkje møtt: Silje Sulen Gullaksen komm. representant (vara møtte heller ikkje)

Frå kyrkjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 01/22 – 05/22

F 06/22	<b>GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 30.11.2021</b>
<b>Vedlegg</b>	Møteboka frå 30.11.2021 Innkallinga til møtet 08.02.2022
<b>Vedtak:</b>	<b>Referat godkjent utan merknader.</b>

F 02/22	<b>GODKJENNING REKNESKAP 2014 - 2016</b>
	<p><u>Bakgrunn:</u> Rekneskapsfører i Aider etterspør eit vedtak i soknerådet om godkjenning av rekneskapane for 2014 og 2015, samt plassering av ein likvidetsreserve på kr. 50.000,- i 2016. Vedtaket må fattast for å avslutta heile oppryddingsprosessen med tidlegare ikkje-godkjente rekneskap. Soknerådet fatta i F sak 19/21, vedtak om godkjenning av rekneskapane for 2016 -2020.</p> <p>Katrin Plassen ved Aider viser til tidlegare oversikt på driftsresultata dei siste åra. Det er ikkje fatta vedtak på åra 2014, 2015 og ein likviditetsreserve for 2016. Det må fattast vedtak i soknerådet for at denne prosessen kan avsluttast.</p> <p>Dette er opplysningane som Aider har gitt om driftsresultata for desse åra:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• 2014: Meirforbruk kr. 79.989,-</li><li>• 2015: Mindreforbruk kr. 78.080,-</li><li>• 2016: Mindreforbruk – likviditetsreserve kr. 50.000,-</li></ul>



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p><u>Framlegg til vedtak:</u> Fedje sokneråd godkjenner driftsresultata for tidsrommet 2014 – 2016 på følgjande måte:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• 2014: Meirforbruk kr. 79.989,- Beløpet vert henta frå ubunde driftsfond.</li><li>• 2015: Mindreforbruk kr. 78.080,- Beløpet vert overført til ubunde driftsfond.</li><li>• 2016: Mindreforbruk kr. 50.000,- Likviditetsreserve som vert overført til ubunde driftsfond.</li></ul>
<b>Vedtak:</b>	<p><b>Fedje sokneråd godkjenner driftsresultata for tidsrommet 2014 – 2016 på følgjande måte:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• <b>2014: Meirforbruk kr. 79.989,-</b> <b>Beløpet vert henta frå ubunde driftsfond.</b></li><li>• <b>2015: Mindreforbruk kr. 78.080,-</b> <b>Beløpet vert overført til ubunde driftsfond.</b></li><li>• <b>2016: Mindreforbruk kr. 50.000,-</b> <b>Likviditetsreserve som vert overført til ubunde driftsfond.</b></li></ul>

<b>F 03/22</b>	<p><b>JUSTERING AV SOKNET SINE FOND</b></p>																																																
	<p><u>Bakgrunn:</u> I samband med gjennomgang av soknet sine rekneskapar, viser det seg at vi har behov for å ta ein gjennomgang på soknet sine fond og korleis desse er definerte. Det er ikkje heilt samsvar mellom vedtak som vart gjort i maimøtet og kva for overskrifter som Aider opererer med. Her er oversikta som kyrkjevevja har fått frå rekneskapsfører:</p>																																																
	<table border="1"><thead><tr><th>Konto</th><th>Totalsum</th><th>Flyttes til</th><th></th></tr></thead><tbody><tr><td>5550001 - Minnegåve Grete Herøy</td><td>-11 925</td><td></td><td></td></tr><tr><td>5560000 - Disposisjonsfond</td><td>-227 130</td><td>14 463,-</td><td>flyttes til 5510001 - G2 Del</td></tr><tr><td>5560001 - Offermidlar</td><td>-2 295</td><td></td><td></td></tr><tr><td>5560002 - Kvardag og Helg</td><td>-8 435</td><td>5510002 - Kvardag og helg</td><td>Alt</td></tr><tr><td>5560003 - Kolerakirkegård</td><td>-18 772</td><td></td><td></td></tr><tr><td>5560004 - Stoler i kirken</td><td>-52 212</td><td></td><td></td></tr><tr><td>5560005 - Ungdomsarbeid</td><td>-30 142</td><td>5510003 - Ungdomsarbeid</td><td>Alt</td></tr><tr><td>5560010 - Basarpenger</td><td>-45 000</td><td></td><td></td></tr><tr><td>5590000 - Regnskapsmessig merforbruk</td><td>79 989</td><td>Mangler vedtak</td><td></td></tr><tr><td>5595000 - Regnskapsmessig mindreforbruk</td><td>-128 080</td><td>Mangler vedtak</td><td></td></tr><tr><td></td><td>-444 002</td><td></td><td></td></tr></tbody></table>	Konto	Totalsum	Flyttes til		5550001 - Minnegåve Grete Herøy	-11 925			5560000 - Disposisjonsfond	-227 130	14 463,-	flyttes til 5510001 - G2 Del	5560001 - Offermidlar	-2 295			5560002 - Kvardag og Helg	-8 435	5510002 - Kvardag og helg	Alt	5560003 - Kolerakirkegård	-18 772			5560004 - Stoler i kirken	-52 212			5560005 - Ungdomsarbeid	-30 142	5510003 - Ungdomsarbeid	Alt	5560010 - Basarpenger	-45 000			5590000 - Regnskapsmessig merforbruk	79 989	Mangler vedtak		5595000 - Regnskapsmessig mindreforbruk	-128 080	Mangler vedtak			-444 002		
Konto	Totalsum	Flyttes til																																															
5550001 - Minnegåve Grete Herøy	-11 925																																																
5560000 - Disposisjonsfond	-227 130	14 463,-	flyttes til 5510001 - G2 Del																																														
5560001 - Offermidlar	-2 295																																																
5560002 - Kvardag og Helg	-8 435	5510002 - Kvardag og helg	Alt																																														
5560003 - Kolerakirkegård	-18 772																																																
5560004 - Stoler i kirken	-52 212																																																
5560005 - Ungdomsarbeid	-30 142	5510003 - Ungdomsarbeid	Alt																																														
5560010 - Basarpenger	-45 000																																																
5590000 - Regnskapsmessig merforbruk	79 989	Mangler vedtak																																															
5595000 - Regnskapsmessig mindreforbruk	-128 080	Mangler vedtak																																															
	-444 002																																																
	<ul style="list-style-type: none"><li>• Dei to summene nederst vert gjenspeilt i vedtaket som er behandla i sak 02/2022. Dette er som sagt meir og mindreforbruk frå 2014 - 2016 som det til no ikkje har blitt laga vedtak på.</li></ul>																																																



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyllrkja

- Vidare manglar det ei overskrift på **G2** fondet, men summen er likevel synleg i oversikta frå Aider. Reserven på kr. 14.463,- er overskotet av gjevarteneste med fråtrekk for utgifter til G2. Det er viktig med tanke på ettertida at fondet er synleg i rekneskapen, spesielt fordi det var gjevarteneste knytt til dette formålet. Dette er eit bunde driftsfond og vil vera avsett til mogelege G2 formål i framtida.
- **Minnegåva** etter gravferda til Grete Herøy, var i vedtaket frå mai i fjor definert som eit bunde investeringsfond. Difor er ikkje summen trekt ut endå. Etter ønskje og samtale med Erling Herøy, vart det bestemt at minnegåva skulle gå til å dekke utgifter i samband med jubileumsfeiringa i haust. Midlane gjekk mellom anna til å dekke utgiftene til Bjarte Leithaug. Rekneskapsførar har godtatt denne forklaringa og kjem til å avvikla dette fondet.
- Det står igjen eit fond som heiter «**Kolerakyrkjegard**». Soknerådsleiar kan ikkje gjera greie for kva som skjuler seg bak denne overskrifta. I følgje Aider er dette eit fond som skriv seg tilbake til tida før 2015. Fondet er definert som eit ubunde driftsfond. Kyrkjeverja foreslår at fondet vert avvikla og overført til ubunde driftsfond.
- «**Kvardag og Helg**». Fondet blir ståande som no, som eit bunde driftsfond.
- Fonda «**stoler i kirken**» og «**basarpengar**», er overskot av tidlegare utlodningar. Dette er disponible midlar der det førstnemde er definert som eit «ubundne driftsfond». Kyrkjeverja foreslår at fonda vert slått saman og kalla «basarpengar». Dette fondet vil då utgjera kr. 97.212,-. Ifølgje rekneskapsførar er det ingenting i vegen for å definera det som eit ubunde driftsfond. Om alt vert definert som «basarpengar» så står soknerådet fritt til å prioritera påkostningar eller investeringar etter eigne vurderingar.
- Fondet «**ungdomsarbeid**» vert ståande som det står. Fondet er eit bunde driftsfond. Soknerådet står fritt til å definera kva ein ønskjer å gjera av innkjøp og liknande innanfor ramma av det ein kan kalla ungdomsarbeid.
- **Offermidlar** kr. 2.295,- er eit ubunde fond som er fleire år gammalt. Det er ikkje råd å finna ut av kva som har vore formålet med dette fondet. Tiltrådinga er det vert avvikla og overført generelt ubunde driftsfond.
- **Økonomiplan**: Kyrkjeverja kjem med ny sak til neste soknerådsmøte, der det vert laga eit framlegg til økonomiplan for framtidige investeringar og påkostningar. Dette kan medføre bruk av fond.



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p><u>Framlegg til vedtak:</u> Fedje sokneråd justerer egne fond på følgjande måte:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• <b>G2, Kvardag og Helg, Ungdomsarbeid</b> - bundne driftsfond, vedtekne i mai 2021 i F sak 11/21, vert ført vidare i tråd med same vedtak.</li><li>• <b>«Stoler i kirken»</b> - ubunde driftsfond pålydande kr. 52.212,- vert avvikla og overført ubunde driftsfond «basarpengar».</li><li>• <b>Basarpengar</b> – samla ubunde driftsfond, pt pålydande kr. 97.212,-.</li><li>• <b>«Kolerakyrkjegard»</b> - ubunde driftsfond kr. 18.772,- vert avvikla og overført generelt ubunde driftsfond.</li><li>• <b>«Minnegåve Grete Herøy»</b> - bunde investeringsfond kr. 11.925,- vert korrigert frå bunde investeringsfond, avvikla og overført til ubunde driftsfond i samråd med ønskje frå enkemannen og soknerådet.</li><li>• <b>Fond for offermidlar</b>, pålydande kr. 2.295,- vert avvikla og overført til generelt ubunde driftsfond.</li></ul>
<b>Vedtak:</b>	<p>Fedje sokneråd justerer egne fond på følgjande måte:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• <b>G2, Kvardag og Helg, Ungdomsarbeid</b> - bundne driftsfond, vedtekne i mai 2021 i F sak 11/21, vert ført vidare i tråd med same vedtak.</li><li>• <b>«Stoler i kirken»</b> - ubunde driftsfond pålydande kr. 52.212,- vert avvikla og overført ubunde driftsfond «basarpengar».</li><li>• <b>Basarpengar</b> – samla ubunde driftsfond, pt pålydande kr. 97.212,-.</li><li>• <b>«Kolerakyrkjegard»</b> - ubunde driftsfond kr. 18.772,- vert avvikla og overført generelt ubunde driftsfond.</li><li>• <b>«Minnegåve Grete Herøy»</b> - bunde investeringsfond kr. 11.925,- vert korrigert frå bunde investeringsfond, avvikla og overført til ubunde driftsfond i samråd med ønskje frå enkemannen og soknerådet.</li><li>• <b>Fond for offermidlar</b>, pålydande kr. 2.295,- vert avvikla og overført til generelt ubunde driftsfond.</li></ul>

<b>F 04/22</b>	<b>GODKJENNING PLANAR FOR UTVIDING AV GRAVPLASSEN</b>
	<p><u>Bakgrunn:</u> Soknerådet hadde saka oppe i møtet 30. november i F-sak 26/21. Som grunnlag for behandlinga låg i tillegg til planen, statsforvaltaren sine kommentarar. Statsforvaltaren sin viktigaste merknad, var at talet på graver tettast på den nye gråsteinsmuren måtte reduserast, grunna krav om tilstrekkeleg avstand til muren. Soknerådet sitt viktigaste innspel, var at granskogen ovanfor gravplassen måtte fjernast. Planen</p>



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>er no revidert og begge desse omsyna er no lagt inn i planen, i tillegg til nokre andre mindre endringar.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd godkjenner endringane i plan for utviding av gravplassen. Soknerådet meiner at ein mindre reduksjon av talet på graver er akseptabelt, for å ivareta avstandskravet til ny gråsteinsmur. Soknerådet er tilfreds med at fjerning av granskogen ovanfor gravplassen vil bli gjennomført.</i></p>
<b>Vedtak:</b>	<p><b>Fedje sokneråd godkjenner endringane i plan for utviding av gravplassen. Soknerådet meiner at ein mindre reduksjon av talet på graver er akseptabelt, for å ivareta avstandskravet til ny gråsteinsmur. Soknerådet er tilfreds med at fjerning av granskogen ovanfor gravplassen vil bli gjennomført.</b></p> <p><b><i>10.02.2022 – tilbakemelding pr. epost frå Artec AS v/Rune Tangen: Vedtaket som Fedje Sokneråd har gjort, er knytt til fyrste versjon av forprosjektet. I den reviderte versjonen er tap av gravplassar søkt kompensert ved å utvide gravplassen 5 meter mot nord, slik at ingen plasser skal gå tapt. Vi ser difor vedtaket som dekkande, også for det oppdaterte forprosjektet av 11.1.22.</i></b></p>

F 05/22	<p><b>PRINSIPDRØFTING AV BETALING FOR BRUK AV KYRKJA TIL IKKJE-MEDLEMMER OG FOR EVENTUELL BETALING FOR VIGSLAR FOR PAR UTANBYGDS</b></p>
	<p><u>Bakgrunn:</u> AU drøfta denne saka på siste møte. Problemstillinga gjald betaling for bruk av kyrkja og kyrkja sitt personell for personar som ikkje er medlemmer i kyrkja i samband med gravferd. Soknerådet vert oppfordra til å ta ein prinsippdiskusjon på korleis ein skal forhalda seg til desse problemstillingane.</p> <p>Tidlegare kyrkjeverje Ingrid Nilsen seier det ikkje er laga reglar på dette.</p> <p>Leigekostnad for bruk av kyrkja var likevel drøfta i soknerådet i 2021. Ein velde då å leggja seg på kr. 3000,- for å leiga kyrkja. Dette hadde samanheng med leige av kyrkja for ein vigsel utanbygds. Ein bør drøfta om ein skal vurdera gravferder og bryllup annleis.</p> <p>Det er ein generell tendens i samfunnet på meir avskalling av kyrkja sin medlemsmasse, både i form av fleire utmeldingar og færre som vert døypte. Dette er ei utvikling som ikkje gjer seg gjeldande på same</p>



# DEN NORSKE KYRKJA

## Fedjekyrkja

måten på Fedje endå. Til dømes var det i 2021 1 person som meldte seg inn og 1 person som meldte seg ut av kyrkja.

Problemstillinga er om det er rimeleg å krevja betaling for bruk av kyrkja og kyrkja sitt personell ved gravferder og bryllup. Er det rimeleg at ikkje-medlemmer skal kunna ha dei samme fordelane som medlemmer? Eller bør kyrkja representera noko heilt anna? Ein institusjon med ei open dør for menneske som har behov for kyrkja.

**Gravferder:** Problemstillingane var gjenstand for drøfting på sist AU - møte. Det er vanleg andre stader å krevja betaling for bruk av kyrkja for personar som ikkje er medlemmer i kyrkja. Austrheim sokn har reglar for dette til dømes og tek betaling for ikkje-medlemmer som ønskjer å bruka kyrkja til gravferder. Prestane har eit ståande pålegg om å ta seg betalt for slike tenester for ikkje-medlemmer. I praksis vegrar prestane seg for å ta seg betalt for dette.

Det er ikkje uvanleg andre stader at personar heimehøyrande i andre kristne trussamfunn ønskjer å bruka kyrkja til å gjennomføra ein sermoni, gjerne med bruk av eigen forstandar eller ein ønskjer at den lokale presten skal stå for sermonien. Det kjem til å bli meir vanleg at andre ikkje-medlemmer ønskjer det same. Medlemmer av Humanetisk forbund skal ikkje bruka kyrkja til gravferdssermoniar. Dette er vanlegvis ikkje ei problemstilling, sidan forbundet sjølv og departementet har fatta sentrale vedtak om at kyrkjerommet ikkje skal brukast til slike formål.

Når ein drøftar slik eigenbetaling må ein hugsa at sjølve gravlegginga er gratis for alle som er heimehøyrande i kommunen. Det er altså bruken av kyrkja til gravferdssermoni vi drøftar her. Alle har rett på ei fri grav. Ein kan likevel krevja betaling både for gravlegging og for bruk av kyrkja for personar som ikkje har bustadadresse i kommunen. Dette ser ikkje ut til å vera kontroversielt og synest vera ein praksis alle kan stilla seg bak.

**Bryllup:** Så langt kyrkjevevja kjenner til er praksisen slik at personar som har slektsrøter på Fedje, ikkje betalar for bruken av kyrkja til bryllup, sjølv om dei ikkje bur på Fedje. Alle som er heimehøyrande på Fedje betalar sjølv sagt heller ikkje for bruken av kyrkja. Ut frå drøftinga i AU, er haldninga at ein godt kan ta betalt for bruken av kyrkja til bryllup av personar som ønskjer å via seg her for ingen andre grunnar enn at Fedjekyrkja er litt «eksotisk» og har ei plassering som enkelte kan meina er «noko særlege». I slike tilfelle kan det vera rimeleg å tenkja at det er greitt å ta seg betalt for leige av kyrkja og kyrkja sitt personell. Tilsvarande sak var tidlegare oppe til drøfting i soknerådet i Austrheim. Der gjekk soknerådet inn for det motsette; at alle vigslar



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

skulle vera gratis. Dei erkjente også at dette var inkonsekvent i forhold til at ein ønskjer å ta seg betalt for gravferder til ikkje-medlemmer. Argumentasjonen var at det var så lite vigslar i Austrheimkyrkja uansett, at ein gjerne kan leggja til rette for dei få som ønskjer å via seg her. Det kan vera grunn til å meina at Fedjekyrkja i denne samanhengen vert oppfatta som litt meir «eksotisk» enn Austrheimkyrkja.

Når det gjeld bruken av presteressursar til vigslar, vert dette styrt av prosten og er noko soknerådet ikkje treng å ta stilling til. Ein kan likevel koma opp i ein følgjande tenkt situasjon: Eit par frå Alver, utan slektsrøter på Fedje, ønskjer å via seg i Fedjekyrkja. Desse vert vurdert som utanbygds og kyrkjekontoret krev utgiftsdekning for leige av kyrkja og dekning for kyrkjetenar og kyrkjemusikar. Men sidan prosten fordeler presteressursane, vil bruken av presteressurs vera gratis, sidan paret er heimehøyrande i prostiet.

#### **Framlegg til eventuelle leigesatsar:**

Om soknerådet landar på å ta seg betalt for bruken av kyrkja, enten til bruk av utanbygds bryllupssermoniar, eller både bryllup utanbygds og krav om betaling for gravferder for ikkje-medlemmer, så kan det vera ein ide å harmonisera satsane med dei som er gjeldande for Austrheim sokn.

Der er kostnadane som følgjer:

- Leige av kyrkja: kr. 3.000,-
- Leige av kyrkjetenar og kyrkjemusikar: kr. 2.700,-

#### **Kva ein bør ta stilling til:**

AU ønskte ei open drøfting i soknerådet i forhold til følgjande problemstillingar:

- Bør gravferds-sermoniar vera gratis for alle som bur i kommunen eller er det rimeleg å ta seg betalt for ikkje-medlemmer som ønskjer å bruka kyrkja til gravferds-sermoni?
- Bør Fedje sokn ta seg betalt for gravferder på Fedje av personar som ikkje er heimehøyrande i kommunen (utanbygds)?
- Bør ein ta seg betalt for bruken av kyrkja til vigslar for par som ikkje er heimehøyrande på Fedje eller har slektsrøter på Fedje?
- Ved eventuelt fritak for leigebetaling for par som vil via seg i Fedjekyrkja og som bur i annan kommune der minst ein av dei har slektsrøter på Fedje: Kor langt ut i slekta skal ein gå før det er rimeleg å ta seg betalt for leige av kyrkja?



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Saka vert lagt fram til open drøfting i soknerådet. Etter saka er drøfta kjem den opp på nytt i neste møte med framlegg til vedtak om kriteriar for utleige og eventuelle betalingssetsar for denne.</i>
<b>Vedtak:</b>	<b>Ingen vedtak.</b>

## MØTEBOK

### SOKNERÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Hans Erik Waage, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen, Terje Storemark og Rune Minde

Frå kyrkjekontoret: *Evy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: S 01/22 – S 04/22

S 01/22	<b>GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 30.11.2021</b>
Vedlegg: Referat og innkalling	Møteboka frå 30.11.2021 Innkallinga til møtet 08.02.22
<b>Vedtak:</b>	<b>Referat godkjent utan merknader.</b>

S 02/22	<b>ORIENTERING</b>
	<b>Årsmøtet:</b> Fastesetjing av tidspunkt for dette. <b>Sjøveis kyrkjereis 12. juni 2022:</b> Soknerådet drøfta ulike praktiske sider av arrangementet, mellom anna tilbod av mat. Det kjem 3-4 fjordabåter frå Bergen/Nordhordland, og evt. Solund/Gulen med mål Fedje og gudsteneste kl. 12, og med retur kl. 15. Saka kjem opp på neste soknerådsmøte.

S 03/22	<b>VAL AV LEIAR</b>
	<u>Bakgrunn:</u> «Reglene om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet» § 1 (Barne og familiedepartementet) slår fast at det 1



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>gong kvart år skal veljast leiar og nestleiar blant rådet sine medlemmer. I følge reglane skal valet vera skriftleg.</p> <p>Det skulle vore val på leiar på siste møtet i 2021.</p>
<b>Vedtak:</b>	<b>Leiar: Anna Marit Storemark</b>

S 04/22	<b>VAL AV NESTLEIAR</b>
	Sjå sak 02/22
<b>Vedtak:</b>	<b>Nestleiar: Tone Sævi</b>